Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lynging og mosing

Oppskr. av: Kari Haga Flettre

(adresse): Hagebyen 2, Voss

Fylke: Hordaland

Herad: Voss

Bygdelag: Vossevangen og Reppen

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Heimelsmann: Johannes Flettre, f. 4 oktbr 1911, Voss, Arbeidsformann

SVAR

Emnr. 10. Lynging og Mosing.

Lynging har ikkje vore nytta her i mans minne. Eg kan såleis ikkje svara på dei spursmåla.

16061

16061

Mosing. II

1:

For ca 20–30 år sidan sanka dei mose knest åt dei som hadde folk på stølane. Men sjølvsagt i mykji større mun i nødår, då det og laut vere til folkemat. Sålis vart det sanka måse i fjella her under siste verdskrig. Eg var sjølv med verrmor mi og sanka måse ved Flekesstølen på Gjeloet. – Men eg veit ingen som no lenger sankar mose, korkji til folk eller dyr. – Som så mangt anna vart det nok slutt i fredsåra etter siste krig.

2:

Her sanka ein mosen summarsdag og haustdag.

3:

Mosen skal sankast i turrver. Då tilsom reiser han seg i lyngen, og er god å få tak på. I våtver ligg han flat og er vond å ta.

4:

Berre budeiene, og borna som var med på stølen, summane, sanka mose. Der vart sanka heile summaren utover. Budeiene gjikk gjerne tidt midtdags og så havar bølingen gjikk og mosesankinga vart teke samstundes.

5:

Ein reiv mosen med hendene.

6:

Dei bar mosen heim i sekk eller teine. Bere teina var fletta av tæger.

7:

Mosen vart boren i teina eller sekk heim åt selet. Stod gjerne mose i fleire teiner der, eller låg lause i haug ute i skotet.

8 og 9: – Ikkji brukt her. Köyrde mosen heim vintersdag, saman med stölshöyet.

16061

10:

Han låg gjerne i sekkjene eller i haug på låven, til han var oppbrukt.

11:

Gris og kyr får mose. Han varde helst brukt vetteren som eit godt attåtfor. Dei slo helst kokvann mösa på han, let han stå og svella ei stund, og so dei strödde litt mjöl over, særleg, var dyra svært glade i dette.

12:

Dei sa alltid at mosen gjorde dyra godt, så han var vel rekna for betre en simpelt höy.

Annen mose:

1:

Ja. Eins koka han gjerne i vatn og strödde så mjöl på i alle fall til kyrne.

2:

Nei, ikkji det eg veit.

16061